



Strand A.S

Postboks 366 Minde
5826 BERGEN

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar	Arkivkode	Dato
	2008/1021 - 16703/2009	Knut Bjørnevoll	127/1	24.07.2009

Delegert sak

Igangsettingsløyve 1 – grunnmur/fundament Kontor/lager/verkstad - PSW Eiendom AS - gbnr 127/1 - Mongstad

Vi viser til søknad om igangsettingsløyve, datert 24.06.2009 og vedlagt:

- søknader om ansvarsrett
- kontrollerklæringar
- Avfallsplan
- rammeløyve datert 11.06.2008

Saksutgreiing/Vurdering:

Søknaden om igangsettingsløyve er ikkje komplett i forhold til vilkår 2 og 4 i rammeløyvet . Det vert difor gjeve igangsettingsløyve avgrensa til grunnmur/fundament med tilhøyrande røyraryrbeid i grunnen.

Det er også usikkert om alle ansvarsområde er dekkja, sidan installasjonar utanom VVS ikkje er nemnt i ansvarssøknadene. Vi ber om ei utgreiing om dette.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ

C3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)			
Tilleggsgebyr, middels			6.700,-

Vedtak:

Med heimel i § 15-6 i avfallsforskrifta vert det gjeve samtykke til planlagt avfallsdisponering på følgjande vilkår:

- *Minimum 60 vektprosent av avfallet skal kjeldesorteras på byggeplass. Reine naturlege massar, asfalt og forureina jord inngår ikkje i utrekning av denne sorteringsgraden.*
- *Fraksjonane ”tyngre bygningsmaterialar (tegl/betong/lettklinker), forureina tegl/betong/lettklinker, trevirke, impregnerert trevirke (kreosot og CCA), metall, gips,*

(forts.)

•
isolasjonskapp, glas, plastfolie, papp/ papir, malingsspann, EE-avfall (elektrisk og elektronisk avfall), farlig avfall, asbest, forurensa jord (iht. tiltaksplan), asfalt, reine naturlege massar” skal kjeldesorteras på byggeplass og leverast til godkjent mottak.

- *Om det oppstår vesentlege mengder gips, skal dette kjeldesorteras på byggeplass.*
- *Dersom det under gravearbeida blir avdekka forureining i grunnen, skal arbeida stoppest og grunnundersøkingar gjennomførast. Tiltaksplan utarbeidet iht. kapittel 2 i Forureiningsforskrifta skal sendast inn til kommunen for godkjenning.*
- *Dersom det oppstår vesentlege endringar, slik at godkjent avfallsplan ikkje kan gjennomførast, skal revidert avfallsplan sendast kommunen for godkjenning for endringane tar til. Som vesentlege endringar vert rekna:
 - *overskriding av tillate del blanda avfall*
 - *manglande sortering av ein eller fleire fraksjonar*
 - *handsamingsmåte på lavare nivå enn angitt i godkjent avfallsplan (til domes deponering i staden for materialgjenvinning)**
- *Når arbeida er ferdige skal det sendast inn ein sluttrapport til kommunen for godkjenning, der det skal dokumenterast at avfallet er handsama i samsvar med godkjent avfallsplan. Kvitteringar eller annen dokumentasjon frå avfallsmottakar skal vedleggast sluttrapporten. Ved levering av reine naturlege massar og tyngre bygningsmaterialar, skal kommunen ha dokumentasjon på at dette er reint.*

Med heimel i **plan- og bygningslova § 93, jf. § 95 a**, vert det gjeve igangsettingsløyve for grunnmur/fundament på følgjande vilkår:

1. Vilkår nr 2 og 4 i rammeløyvet skal oppfyllest før det kan gjevast igangsettingsløyve for arbeid over grunnmur/fundament.
2. Dersom det skal monterast Sprinkleranlegg, må tiltakshavar montera eige basseng og pumpe.
3. Elles gjeld vilkåra i rammeløyve datert 11.06.2008.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett (* = godkjent tidlegare i byggesaka):


Rammeløyve:		
SØK		Strand AS *
PRO/KPR	Arkitekturprosjektering tiltaksklasse 2	Arkitektkontoret Ulf Røstøen AS *
PRO/KPR	Røyrinstallasjonar, sanitær tkl.2	AS Haugland VVS *
Igangsettingsløyve 1:		
UTF/KUT	Bygningstekniske arbeid, tiltaksklasse 2	Strand AS
PRO/KPR	Betong og stålkonstruksjonar tiltaksklasse 2	Holst & Valen AS
UTF/KUT	Røyrinstallasjonar, sanitær tkl.2	AS Haugland VVS

(forts.)

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.
Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle (s)
fagleiar byggesak



Knut Bjørnevoll
Sakshandsamar

Kopi til:

PSW Eiendom AS Postboks 6103 Postterminalen 5892 Bergen
VVA - teknisk drift

